

Vedtekter for Alver Kulturråd

Alver Kulturråd, stifta 19.11.2019

§ 1 Føremål

Alver Kulturråd skal arbeida for best moglege tilhøve for kulturen i Alver kommune. Kulturrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom frivillege lag og organisasjonar innan kulturfeltet. Rådet skal vere partipolitisk nøytralt og livssynsnøytralt.

§ 2 Organisasjon

Styret skal bestå av 1 leiar, 6 styremedlemer og 2 varamedlemer.

Leiar og styremedlemmane vert valde av og innan medlemslaga sine medlemmar. Styremedlemmar vert valde for 2 år i rotasjon.

Styret i Alver Kulturråd skal spegle breidda og mangfaldet i samfunnet vårt. Det skal tilstrebast ei balansert kjønnsfordeling. Vidare skal det takast omsyn til etnisk, kulturelt og aldersmessig mangfald i samansetninga av styret. Dette er for å sikre at styret kan dra nytte av eit breitt spekter av perspektiv og erfaringar, noko som er avgjerande for å fremje eit inkluderande og mangfaldig kulturliv.

Alver Kulturråd forpliktar seg til å arbeide aktivt og målretta for å oppnå denne samansetninga, og vil ved rekruttering til styret leggje vekt på å identifisere kvalifiserte kandidatar som saman kan bidra til å oppfylle desse måla.

§ 3 Arbeidsoppgåver

Kulturrådet skal:

- a) Styrke kulturen si rolle og rammevilkår i kommunen og lokalsamfunnet.
- b) Vere ein høyringsinstans for kommunen i ulike kulturspørsmål, både administrativt og politisk.
- c) Vere eit samarbeidsorgan for å setje opp ein kulturkalendar for aktuelle aktivitetar i kommunen.
- d) Kunne ha uttalerett om fordelingsnøkkel for kommunale driftstilskott knytta til kultur, jfr eigen separat samarbeidsavtale.
- e) Vere ein arena for samarbeid mellom ulike organisasjonar, lag- og foreiningar. Jfr. §1.
- f) Oppfordra lag og organisasjonar til å finna kandidatar til kulturprisen og eventuelt andre prisar, stipend og legat innan kulturføremål.
- g) Vere informasjons- og rådgjevningsorgan for lag og organisasjonar, publikum, kommune og kulturlivet.

- h) Assistere jury og utval med sin kompetanse ved val av prisvinnarar innan kulturfeltet.

§ 4 Medlemskap

Alle lag og kulturorganisasjonar som har sitt virke innanfor amatørkulturlivet og/eller som har hovudvekta av arbeidet sitt innanfor amatørkulturområdet kan vera medlem av amatørkulturrådet. Idretten er unnateken då den sorterer under Alver Idrettsråd.

Styret har fullmakt til å godkjenna nye medlemmar.

Medlemskap i rådet er gyldig når laget/organisasjonen har stadfesta medlemskapen, og har ein ansvarleg kontaktperson vald av medlemsorganisasjonen.

Medlemslaga betaler ikkje kontingent. Kulturrådet sin økonomi vert stetta ved kommunale løyvingar og eventuelle andre eksterne midlar.

§ 5 Tillitsvalde si godtgjersle

Tillitsvalde mottar ikkje honorar for arbeidet sitt, men får dekka faktiske utgifter dei har med å utføra verva sine, t.d. telefon, porto, køyregodtgjersle (også til styremøte).

§ 6 Årsmøte

Kulturrådet sitt øvste organ er årsmøtet, som kvart år vert halden innan utgangen av april. Styret kallar inn til årsmøtet med minst ein månads varsel. Alle organisasjonar, lag- og foreiningar nemnt under § 2 vert kalla inn. Representantane må vere oppnemnt av styret etter fullmakt. Følgjande har stemmerett:

Kvart lag har ei stemme, men kan stilla med 2 representantar

Årsmøtet skal velja:

- a) Styreleiar vald for 1 år
- b) 3 styremedlemer vald for 2 år
- c) 2 varamedlemer valde for 1 år om gongen
- d) Valkomitè med leiar og 2 medlemer valde for 1 år

Årsmøtet skal:

- a) Registrere frammøtte representantar
- b) Godkjenna innkalling og sakliste
- c) Godkjenna årsmelding og rekneskap
- d) Handsama innkomne saker og eventuelle forslag til vedtektsendingar
- e) Handsama budsjett og handlingsplan

Om ikkje anna er avtala, skal eit vedtak vere fatta med simpelt fleirtal av dei avgjevne stemmene for å vere gyldig. Ved ein eventuell stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. Val skal føregå skriftleg om det vert krevd. Forslag til saker som skal handsamast på årsmøtet må vere styret i hende seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste og andre naudsynte saksdokumenter med forslag må vere tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

§ 7 Kulturrådet sitt styre

Alver Kulturråd vert leia av styret, som er kulturrådet sitt høgste mynde mellom årsmøta. Leiar kallar inn til styremøte. Styret kan gjere vedtak når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak vert fatta med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal, har leiaren dobbeltstemme.

Styret skal:

- a) Iverksetje årsmøtet sine vedtak og avgjerder
- b) Arbeide i samsvar med formålsparagrafen og med saker nemnt i §3
- c) Halda møte med lag, foreiningar og organisasjonar etter behov og avgjer sjølv korleis møta skal organiserast

§ 8 Endring av vedtekter

Endring av vedtektene kan kun skje ved 2/3 fleirtal.

§ 9 Oppløysing av kulturrådet

Oppløysing av Alver Kulturråd kan kun skje ved 2/3 fleirtal ved 2 påfølgande årsmøte. Midlar, som måtte vera i rådet, skal tilførast posten for kulturmidlar i kommunen.

Vedtectsendingar:

- Stiftingsmøte 19. november 2019
- Årsmøte 19. april 2023
- Årsmøte 17. april 2024